



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 08.06.2015
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Gisle Heimly	SO	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Meldt forfall, vara innkalla
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	Ikkje meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Bjørn Helland	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
042/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
043/2015	Godkjenning av møtebok
044/2015	Orienteringssaker
045/2015	Oppmoding om mottak av flyktningar 2015-2017
046/2015	Tertialrapport nr 1 - 2015

Notat frå møtet:

I møtet var 4 av 5 representantar til stades.

042/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

043/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

044/2015: Orienteringssaker

Behandling:

Kommunestruktur

Gisle Heimly orienterte om drøftingar i felles forhandlingsutvalsmøte i Nordhordland den 27. mai på Frekhaug.

Protokoll frå dette møte var sendt ut i e post til formannskapet.

Vidare oppfølging vart drøfta i møte.

Oppfølging:

Forhandlingsutvalet gjev ei tilbakemelding om status til kommunestyret i møte den 18. juni.

Sak om fiber til hytter/fritidshus

Rådmannen orienterte om at det har framkome opplysningar som syner at det vil utløyse større kostnader for å gjennomføre dette tiltaket. Rådmannen vil følgje opp saka med innhenting av ei nærmare vurdering, men det vil ta lenger tid å framskaffe eit grunnlag for å lage ei sak til politisk handsaming.

Kommunal bustad på Øvre Helland

Rådmannen orienterte om salsprosess og vurderingar i høve bustadbehov ved mottak av flyktningar.

Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Formannskapet vedtek å avslutte salsprosessen for kommunal bustad på Øvre Helland.

045/2015: Oppmoding om mottak av flyktningar 2015-2017

Behandling:

Assisterande rådmann og rådmann orienterte om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune vil ta imot flyktningar slik IMDi ber om for perioden 2015-2017, men må koma attende til konkret tidspunkt for mottak når bustadsituasjonen er avklart.

Målsetjinga er å ta imot 10 personar i løpet av 2016 og 9 i løpet av 2017, til saman 19 flyktningar innan 31.12.2017.

Ut frå tilgang på bustader og integrering i lokalmiljøet ønskjer Modalen kommune primært å busetje familiar, og ber IMDi ta omsyn til dette.

Det er ein føresetnad at det vert oppretta ei stilling som skal koordinere arbeidet. Omfanget av stillinga må vurderast, og tilpassast dei arbeidsoppgåvene som er knytt til koordineringa av mottaks- og integreringsarbeidet.

Modalen kommune skal søkja samarbeidsløysingar med dei andre kommunane i Nordhordland der dette er naturleg.

Rådmann får delegert mynde til å bestemme nårtid kommunen er klar med den praktiske førebuinga, og i stand til å gjennomføre busettinga.

046/2015: Tertialrapport nr 1 - 2015

Behandling:

Oversyn for finansforvaltning vart delt ut i møtet. Rådmann gav ei kort orientering om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Formannskapet er nøgd med status og utvikling pr 1. tertial 2015 og rår til at kommunestyret tek saka til orientering.

Det vert tilrådd slike justeringar:

Investeringsprosjekta Oppgradering mobilsamband, Utvendig vedlikehald Bryggjeslottet og Kommunalt uteområde vert flytta frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet med tilsvarande finansiering. Prosjekta vert teke inn i oversikt over småinvesteringar i drift.

For å fullfinansiere prosjektet Oppgradering av mobilsamband, vert det flytta kr 100 000 frå Barnehage til ramma til Rådmannen/sentraladministrasjon i driftsbudsjettet.

Løyvinga til kunstgrasbana i investeringsbudsjettet vert auka med kr 950 000, finansiert med bruk av disposisjonsfond (N-fond).

Det vert løyvd kr 1 010 000 til investeringsprosjektet Uteområdet ved Bryggjeslottet finansiert med tilsvarande tilskot frå fylkeskommunen.
